



Rettleiing / instruks for kunstkomité og kunstfagleg prosjektleiar. Standardprosedyre tilpassa Bybanekunstprosjektet

Bygd på KORO si rettleiing / Jf. Retningslinjer for kunstordning for statlige bygg, fastsatt av Kulturdepartementet 29. januar 2009 og Hordaland fylkeskommune sine vedtekte retningslinjer og prosedyre for kunstnarleg utsmykking(2008).

1. Kunstkomiteens samansetning

Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga skal nemne opp eit kunstutval / ein kunstkomité som består av:

- kunstfagleg prosjektleiar / kunstfagleg rådgjevar for kunstprosjektet, (vanlegvis leiar for utvalet, med stemmerett)
- Bybanen utbygging 2 representantar
- Bybanen AS 1 repr
- Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga 2 repr
- Bergen kommune 1 repr
- Hordaland kunstsenter 1 repr

Det vert sendt invitasjon til deltaking i utvalet til leiarnivå/direktør i dei nemnde verksemdene, som så peiker ut sin(e) representant(ar). Kunstkomiteen er autonom når det gjeld val av kunstnarar og kunstverk. Dette prinsippet er vedteke i fylkeskommunale retningslinjer for kunstnarleg utsmykking.

2. Kunstfagleg prosjektleiar

Kunstfagleg prosjektleiar har eit særleg ansvar for den kunstfaglege kompetansen i kunstprosjektet. Han/ho skal ivareta kontakt med og gje råd til kunstnar, samt koordinere kunstnaren sitt arbeid med byggeprosjektet.

Kunstfagleg prosjektleiar har ansvar for at kunstprosjektet vert gjennomført etter dei føresetnadene som er gitt i framdriftsplan og avsett budsjett og for at kunstprosjektet er koordinert med byggeprosjektet. Kunstfagleg prosjektleiar kallar inn til møta i utvalet, og er ansvarleg for at det blir ført møtereferat, som vert sendt til medlemmane i utvalet og arkivert i fylkeskommunen sitt arkivsystem.

Kunstfagleg prosjektleiar er tilsett av Kultur- og idrettsavdelinga HFK og har tilgang til kontorplass både hos Bybanen utbygging og Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling. Kunstfagleg prosjektleiar skal ha enkel tilgang til det tekniske fagmiljøet. Han/ho har ansvar for å førelegge skisser/beskrivingar av enkeltkunstverk for kvalitetssikring hos relevante fagfolk i Bybanen utbygging og Bybanen AS.

Kunstfagleg prosjektleiar skal ta initiativ til ferdigbefaring, innhente og arkivere naudsynt dokumentasjon for vedlikehald ol, samt levere sluttrapport.

Kunstfagleg prosjektleiar skal jobbe i dei aktuelle administrative system / databaser. HFK og Bybanen utbygging har ansvar for å gje naudsynt tilgang til og opplæring i desse.

Det er vanleg at det budsjetterast med at det setjast av omlag 15% av totalbudsjettet for kunsten til administrasjon / kunstnarleg prosjektleiing.

Det må setjast av midlar i budsjett til kunstnarleg konsulentbistand etter behov. Det kan vere aktuelt å etablere ei kunstnarleg referansegruppe. Denne gruppa kan bestå av 2-3 kunstnarar / personar med kunstfagleg kompetanse som kan vere sparringspartnarar med kunstfagleg prosjektleiar for å styrke den kunstfaglege tenkinga. Det kan også vere naudsynt å engasjere ein kunstkonsulent t.d. for å bistå i gjennomføringsfasen. Det er Kultur- og idrettsavdelinga som skal oppnemne desse.

Opggåvene til kunstfagleg prosjektleiar er meir inngåande definert i arbeidsavtalen som vert inngått med Hordaland fylkeskommune.

3. Kunstkomiteen

Kunstkomiteen har mynde til å ta dei kunstnarlege avgjerslene innanfor vedteke rammer og totalbudsjett. Det er berre løn/honorar til kunstnarleg prosjektleiar evt. referansegruppe/ekstra kunstnarleg konsulent som kan budsjetterast og utbetalast over kunstbudsjettet. Bybanen Utbygging har det overordna budsjettansvaret og styrer den praktiske økonomien.

Representantane skal vere eit bindeledd mellom sin organisasjon og kunstkomiteen/kunstprosjektet. Den enkelte representant kan ikkje ha bunde mandat når det gjeld dei kunstnarlege problemstillingane og vala, men har ansvar for å forankre kunstprosjektet i eigen organisasjon.

Alle medlemmane i komiteen har ansvar ut i frå kva verksemd dei representerer. Td. skal representantar frå Bybanen utbygging bistå med kunnskap om forhold som spelar inn på utvalets utforming og gjennomføring av kunstplan, framskaffe berekningar/teikningar/kart etc.

Det vert forutsett at medlemmane er lydør for synsmåtar frå dei øvrige medlemmane i utvalet. Alle skal ha forståing og respekt for den spesifikke faglege kompetanse den enkelte er representant for og rolla den har i utvalsarbeidet. Utvalet skal søkje å jobbe seg fram til ei felles forståing, men om det skulle verte naudsynt med formal avstemming har kunstfagleg prosjektleiar dobbeltstemme ved eventuell stemmelikheit i kunstfaglege spørsmål

Kunstkomiteen sine oppgåver:

- jobbe fram og vedta kunstplan. (meir om denne i pkt.4)
- førelegge kunstplanen for kvalitetssikring for Hordaland fylkeskommune og Bybanen AS
- Det skal vere dialog mellom Bybanen utbygging og kunstfagleg prosjektleiar / kunstkomité om det enkelte val av stad for kunst og planlagde kunstprosjekt for å sikre at prosjektet er gjennomførbart i forhold til tekniske høve ol. Det skal då meldast tilbake til komiteen om evt. naudsynte justeringar.
- framlegge vesentlege endringar – inklusive budsjettmessige avvik – for HFK og Bybanen utbygging
- gjennomføre kunstplanen
- foreta ei økonomisk fordeling og vurdering av alle kunstprosjekt og oppdrag innan kunstplanen, slik at alle oppdrag kan løysast innan dei ramane som er gitt.
-

4. Kunstplan

Kunstplan skal utarbeidast i samsvar med mandat gitt av Hordaland fylkeskommune, vedleggast naudsynt dokumentasjon, budsjett og framdriftsplan, og leggast føre KIA og Bybanen utbygging for kvalitetssikring. Alle kunstfaglege spørsmål skal takast tilbake til handsaming i kunstutvalet.

Kunstplanen skal angje overordna idé og intensjon for kunstprosjektet, innehalde ei vurdering av banestrekninga, og av dei områda som kunstplanen omfattar. Dette inkluderer teikningar/bilete/kart, omtale og analyse av stadene/strekninga. Kunstplanen skal omtale, velje og grunngje plassering av kunsten, val av kunstform, forslag til konkurranseform eller utførande kunstnar.

Dette vil seie å velje stader for kunst og kva type kunst som kan vere aktuelt på dei ulike stadene. Komiteen skal også vedta høvelege metodar for utveljing av kunstnarar i dei ulike delprosjekta, og til sist kunstnarar til desse oppdraga. Ein kan velje ulike metodar frå direkteoppdrag, til prekvalifisering og konkurranse. Konkurransar og prekvalifisering kostar tid og pengar, men ein ser det som rimeleg – i forhold til størrelsen på prosjektet og den opne og breie karakteren Bybaneprojektet har – at det vert lyst ut breitt til konkurranse om i alle fall eitt av delprosjekta.

Kunstutvalet/kunstnarleg prosjektleiar klargjer og tilrettelegg alt konkurransemateriell. Hordaland fylkeskommune kvalitetssikrar og står som innbydar / avsendar.

Det skal lagast delplan for kvar einskild verk.

Kunstplanen skal koordinerast og samordnast med byggeprosjektet.

Kunstplanen skal følge statens miljøkrav.

Kunstplan skal definere evt. vernesoner rundt kunsten.

Kunsten skal aktivt gå i møte med sine omgjevnader, ivareta kunstnarleg mangfald samt reflektere aktuelle tendensar i samtidskunsten.

5. Val av utførande kunstnarar

Val av utførande kunstnarar kan skje på følgjande måtar:

a. Direkteoppdrag

Spesifikt oppdrag gitt direkte til enkeltkunstnar eller kunstnargruppe.

Kunstnarleg prosjektleiar legg fram forslag til potensielle kunstuttrykk og utførande kunstnarar for utvalet. Forslaga skal vere underbygd med eksempel frå føreslåtte kunstnaranes produksjon. Kunstutvalet sitt forslag til utførande kunstnarar skal leggst fram / presenterast i kunstplanen.

b. Prekvalifisering

Prekvalifisering utlysast for ope deltaking eller vert avholdt mellom eit avgrensa antal forslagsstillarar.

Innleveringsmaterialet kan bestå av grunngeve interesse for oppgåva med referanse til tidlegare gjennomførde kunstprosjekt, samt presentasjon av eige kunstnaraskap.

c. Lukka/begrensa konkurranse

Konkurranse for utvalde, inviterte kunstnarar/kunstnargrupper. Skjer ofte som ei vidareføring av prekvalifisering.

Forslag til utførande kunstnarar skal leggst fram / presenterast i kunstplanen.

Jury: Hordaland fylkeskommune har ansvar for oppnemning av jury. Dette kan og vera kunstutvalet.

d. Open konkurranse

Konkurranse utlyst offentleg, m.a. i aktuelle media/fagtidsskrift.

Konkurransen skal arrangerast i samsvar med dei regler som til ei kvar tid er fastsett.

Hordaland fylkeskommune står for utlysing.

e. Kjøp av samtidskunst

Kjøp frå galleri eller kunstnar.

Kunstutvalet kan kjøpe samtidskunst i samsvar med spesifikasjonar i kunstplan.

Kjøp av kunst til Bybanen (offentleg) er unnateke frå Lov om offentlige anskaffelser. Det er tillete å forhandle kjøp av kunst direkte frå ein kunstnar utan kunngjering eller utlysning av konkurranse på førehand. (Jf. Forskrifta § 2-1 punkt 2 a, og § 14-4, c).

Ved større kunstprosjekt bør det lysast ut til prekvalifisering eller konkurranse for å ha opne prosessar og gje ope høve for kunstnarar å melde si interesse.

Avtalar med utførande kunstnarar skal bygge på prinsipp og malar utarbeidd av KORO og av HFK, tilpassa Bybanekunstprosjektet.

6. Formidling og informasjon

Kvart prosjekt skal utforme ein plan/strategi for informasjon og formidling så tidleg som mogleg i prosjektfasen. Dette skal leggst fram for / gjerast i samråd med informasjonsavdeling/-rådgjevarar i HFK og bybanen utbygging.

HFK, Kultur- og idrettsavdelinga / evt kunstnarleg prosjektleiar skal jobbe med å bygge opp systematisk dokumentasjonar, legge til rette og gjere tilgjengeleg informasjon om kunstprosjekta og kunstnarane som har delteke / deltek i Bybanekunstprosjektet. Det kan tenkjast m.a. nettbasert informasjon og trykt materiale.

Mediekontakt skal styrast primært gjennom informasjonsavdelinga HFK som har det overordna ansvar for koordinering/handtering av mediasaker. Kunstfagleg prosjektleiar kan få tildelt konkrete oppgåver/mandat.

Kunstutvala uttaler seg på vegne av eller i samråd med Hordaland fylkeskommune, ikkje som enkeltståande prosjekt eller personar.

HFK skal kvalitetssikre og godkjenne informasjonsmateriell/publikasjonar/bokprosjekt i kunstprosjektet.

7. Overtakelsesforretning



Når kunstverket er ferdig, kan kvar av partane (kunstnar og Hordaland fylkeskommune) med rimeleg frist krevje at det skal haldast overtakelsesforretning. Ein frist på 14 dagar, rekna frå mottaking av kravet, skal normalt vere rimelig. Ved overtakelsesforretninga gjennomførast ei synfaring av kunstverket. Det er naudsynt at representant for HFK som eigar, kunstfagleg prosjektleiar og kunstnar/representant for kunstnar deltek på overtakelsesforretninga for at ho skal vere gyldig.

Det skal føres protokoll (jf mal nr XX) over overtakelsesforretninga, som skal angje

- kven som er til stades
- manglar som evt er påvist
- frist for utbetring av påviste manglar og tidspunkt for eventuell ny synfaring/godkjenning
- om kunstverket(-a) vert overtatt eller nekta overtatt

Dersom kunstutvalet/HFK nektar å overta kunstverket(a), skal dette verte grunnlagt i protokollen. Om kunstnaren ikkje godtek denne nektinga, skal han grunnkje dette i protokollen. Det same gjeld dersom partane er ueinige om ein påstått mangel ved kunstverket(a).

Protokollen underteiknast av Hordaland fylkeskommune og kunstnar.

HFK kan nekte å overta kunstverket(a) dersom det ved overtakelsesforretning vert påvist slike manglar at desse, eller utbetringa av dei, vil hindre den planlagde bruk av kunstverket(-a). HFK kan vidare nekte å overta kunstverket(-a) før avtala dato for ferdigstilling. Kunstnaren kan nekte kunstutvalet å ta kunstverket(-a) i bruk før tidspunktet det er meldt ferdig til.

Ved overtakelsesforretning, inntretr følgjande:

- ansvar for kunstverket(-a) går over frå kunstnaren til Hordaland fylkeskommune
- kunstnarens plikt til å halde kunstverket(-a) forsikra opphøyrer
- reklamasjonsfristen begynner å løpe
- kunstnar har rett til sluttoppgjør

Unntaksvis og etter avtale mellom partane kan deler av kunstverket overtakast.

Dersom HFK/kunstutvalet ved overtakelsesforretning ikkje melder frå om manglar/feil som det har oppdaga, eller som det burde ha oppdaga ved vanleg aktsom synfaring, kan eigar ikkje seinare krevje rett for mangelen.

8. Avslutning

Kunstutvalet oppløysast når kunstplanen er gjennomført og avslutta, og når dokumentasjon og sluttrapport er avlevert HFK.

9. Vidare forvaltning og vedlikehald:

Frå fase 3 er dette formalisert ved at HFK er eigar av kunstverka etter overtakingsforretning, og Bybanen drif t/ AS har tilsyn og jamt vedlikehald med kunstverka slik dei har med resten av banen og tilhøyrande område.